

Reguleringsplan

Fv. 565 Alversundbrua

Arealplan-ID 46312020005

Reguleringsføresegner

Ajourført i samsvar med vedtak i sak 055/23 i Utval for areal, plan og miljø 26. april 2024

Til offentlig
ettersyn



Reguleringsføresegner for:

Fv. 565 Alversundbrua

Planid. 46312020005

1. Føremålet med planen

Føremålet med reguleringsplanen er å regulere areal til ny bru over Alverstraumen, inkl. nødvendige vegar for å knyte brua til eksisterande vegnett. Prosjektet skal bidra til betre trafiksikkerheit og framkomst for alle trafikantgrupper.

Planen har to vertikalnivå: 2) På grunnen og 3) Over grunnen (bru).

Planen sin avgrensing er vist på teikning R001. Plangrensa er synt på teikningane. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Samfunnstryggleik (§ 12-7 nr. 1, 2, 4)

2.1.1 Klimatilpassing

Bekkelukkingar, bekkeomleggingar, bekkegjennomføringar, innløpskonstruksjonar og stikkrenner skal dimensjonert for vassføringar tilsvarande 200-års flaum eller 200-års nedbørsintensitet, med tilrådd tryggleiksmargin (klimafaktor).

2.2 Miljøkvalitet (§ 12-7 nr. 3)

2.2.1 Støy

- Grenseverdiane gitt i tabell 2 i Klima og miljøverndepartementet si Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, skal leggst til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. For støykjenslege bygg som i støyutgreiing får høgare støynivå enn tilrådde grenseverdier i tabell 2 skal det gjennomførast tiltak som skjerming ved vegen, lokal skjerming av uteopphaldsareal på eigedomen og / eller fasadetiltak som sikrar at grenseverdiane vert oppnådd. Lokale skjermingstiltak er avhengig av at grunneigar godtar etablering av støytiltaket på sin eigedom.
- For støy frå bygge- og anleggsverksemd skal grenseverdier gitt i T-1442/2021 kapittel 6, tabell 4 og 5, gjelde. Ved overskridingar av grenseverdiane skal det varslast og gjennomførast avbøtande tiltak i samsvar med retningslinje T-1442/2021 kapittel 6.3 og tilhøyrande rettleiar M-2061 eller tilsvarande.

2.3 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

2.3.1 Estetisk utforming

- Alle tiltak innanfor planområdet skal gjennomførast med omsyn til estetisk godt uttrykk, og det skal takast spesielt omsyn til Den Indre farleia, jf. og pkt. 4.2.1. b. Dette gjeld i forhold til anlegget i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og naturgjevne og bygde omgjevnader.
- Ved detaljplanlegging og bygging av brua skal det leggst vekt på god estetisk utforming. Brua si utforming skal vere tilpassa omgjevnadene, spesielt Den Indre Farleia og mellomalderkyrkjestaden, sjå og pkt. 4.2.1 b.
- Alle terrenginngrep skal skje mest mogleg varsamt i høve til omgjevnadene. Det skal leggst vekt på terrengutforming og løysingar som tek vare på mest mogleg av eksisterande terreng og vegetasjon.
- Grøfter og fyllingar, samt areal mellom køyreveg og gang- og sykkelveg skal såast til eller gis overflate med god estetisk utforming.
- Terrengmurar og støttemurar skal ha ei heilskapleg utforming og førast opp i naturstein så langt som mogleg.

2.3.2 Terrenghandsaming

- Det øvste jordlaget som vert teke bort i linja, skal handsamast og mellomlagrast i rankar. Jorda skal så langt som mogleg nyttast på flater som skal revegeterast innanfor veganlegget. Ved utlegging av nytt vegetasjonsdekke skal det så langt som mogleg nyttast stadeigne massar.
- Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) som vert bygd ned skal sikrast vidare bruk primært til jordbruksføresmål innanfor planområdet. Lagring og/eller bruk av jorda utanfor planområdet må avklarast med kommunen.
- Mottak av matjord skal handsamast etter forureiningsforskrifta kap. 4.
- Framande skadelege artar innanfor tiltaksområdet skal handterast i tråd med gjeldande forskrift for framande artar. Framande skadelege artar som er lokalisert nærare anleggsområdet enn 10 meter skal vurderast av fagkyndig.

2.4 Verneverdiar for kulturmiljø (§ 12-7 nr. 6)

2.4.1 Automatisk freda kulturminne

- Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna:

- ID 281670 som er merka som område for føresegn #18 og #19 i plankartet.
- ID 283870-0 som er merka som område for føresegn #16 i plankartet.
- ID 283868-0 som er merka som område for føresegn #17 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

- b. Dersom det ved tiltak i grunnen vert oppdaga ukjende automatisk freda kulturminne som funn, gjenstandar eller konstruksjonar, må arbeida stansast straks og kulturvernstyresmakter i Vestland fylkeskommune varslast i samsvar med § 8.2 i Lov om kulturminne.

2.5 Byggjegranser langs offentleg veg (§ 12-7 nr. 2)

Der byggegrenser ikkje er viste på plankartet, gjeld reglane i veglova. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, inkludert bygg som inngår i samferdselsanlegget, kan etablerast innanfor byggegrense vist til i planen og i veglova.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygg og anlegg (§ 12-7 nr. 1)

3.1.1 Bustadformål, B

B1, B4, B5 og B6

Felta B1, B4, B5 og B6 inngår kun i planen som underliggjande formål til midlertidig bygge- og anleggsområde. Det er ikkje angitt utnyttelse, byggehøyde og byggegrense for desse områda.

Der føresegnsområde overlappar B1, B4 gjeld framleis underliggjande kommuneplan med føresegner. Der føresegnsområde overlappar B5 og B6 gjeld framleis underliggjande reguleringsplan med føresegner.

B2 og B3

Felta B2 og B3 inngår kun i planen som eit underliggjande formål til føresegnsområder for automatisk freda kulturminne. Det er ikkje angitt utnyttelse, byggehøgde og byggegrense for desse områda.

Der føresegnsområde overlappar B2 og B3 gjeld framleis underliggjande reguleringsplan med føresegner.

B7

Formålet erstattar gjeldande detaljreguleringsplan og følgjande føresegner gjeld:

Eigedommane regulerast som eksisterande busetnad med uteopphaldsareal og parkering.

Minste tomteareal for einebustader er 650 m².

Bygd areal skal ikkje overstige 30 % BYA. Samla bruksareal (BRA) skal ikkje overstige 400 m².

Krav til uteopphaldsareal (MUA) er 200m² per hovudbueining for privat leik og opphald, og 50 m² per sekundærleilighet.

Det skal etablerast 2 bilparkeringsplassar per bueining.

Parkeringsplass og garasje skal vere plassert og utforma slik at bil kan snu på eigen grunn.

Maks mønehøgde er sett til 8 m frå planert terreng, maks kotehøgde er 48 moh.

3.1.2 Bustader- Frittliggjande småhus, BF

Eigedommen regulerast som frittliggjande busetnad med maks ei bueing.

Bygd areal skal ikkje overstige 30 % BYA. Samla bruksareal (BRA) skal ikkje overstige 400 m².

Det skal etablerast 1 bilparkeringsplassar per bueining.

Parkeringsplass og garasje skal vera plassert og utforma slik at bil kan snu på eigen grunn. Mindre påbygg/tilbygg og uthus o.l. kan tillatast nærare enn regulert byggegrense.

Maks kotehøgde er 38 moh, maks mønehøgde er sett til 8 m frå planert terreng.

Eigedommen har tilkomst via kommunalveg o_KV8 og kan krysse gangveg o_FO6.

3.1.3 Sentrumsformål, SF

Felt SF inngår kun i planen som underliggjande formål til midlertidig bygge- og anleggsområde. Det er ikkje angitt utnyttelse, byggehøgde og byggegrense for dette område.

3.1.4 Bensinstasjon og vegserviceanlegg, BV

- Innanfor området kan det oppførast bygg for bensinstasjon med tilhøyrande parkeringsareal og tekniske anlegg.
- Det tillatast oppført ladestasjonar for el-bil.
- Utnyttingsgrad og høgder; maks BRA= 60%, største byggehøgde er 7 m.
- Bygg skal ha ei god utforming, utførast i varige materialar og ha ein tiltalande fargebruk.
- Overflateparkering inngår ikkje i utnyttingsgraden.
- Det skal vere min. 1,5 bilparkeringsplass per 100m² BRA der 10 % skal vere lagt til rette for el-bil. 5 % av alle parkeringsplassar skal vere utforma og reservert rørslehemma
- Det skal setjast av min. 0,5 sykkelparkering per 100m² BRA.
- Det er ikkje tillate med midlertidige tiltak som rubbhall og liknande.
- Terrenginngrep skal utførast skånsamt, skrånningar skal plantast til og fjellskjering skal forblendast med natursteinsmur.
- Det skal etablerast gangforbindelsar frå bensinstasjonsområdet til sentrumsområdet både i nord og i sør. Forbindelsane skal vere universelt utforma.
- Minimum 5% av næringsarealet skal opparbeidast som grøntareal med kvalitet.
- Takform på bygningar skal vere tilpassa omgjevnadene.
- Der byggegrensa mot sykkelvegen langs fv. 565 ligg nærare denne enn 15 m kan det berre vere takutstikk, ikkje full bygningskropp.
- Det er tillate med parkeringsareal utanfor byggjegransene, men ikkje slik at parkering kjem i konflikt med frisiktsoner.
- Ved utbygging av området er det krav om ein utomhusplan og ei vurdering opp mot Den Indre Farleia.

Utomhusplanen bør gjere greie for følgjande:

- Plassering av bygg
- Gangforbindelse til sentrum
- Eksisterande og framtidig terreng og vegetasjon, samt terrengtilpassing mot naboeigedomar
- Murar, trapper og gjerde
- Utforming og plassering av tilhøyrande vegar, gangvegar/stiar, avkøyringar, materialbruk på gangareal, ledelinjer, stigningsforhold, uteopphaldsareal og anna disponering av ubyggd areal
- Renovasjonsløyving og evt. nettstasjon

- Prinsippa for universell tilgjenge
- Parkering og køyremønster for biltrafikk, samt sykkelparkering og ladestasjonar
- Eksisterande terreng som skal takast vare på/fjernast, samt val av plassering av nytt grøntareal
- Handtering av overvatn

3.1.5 Avløpsanlegg AV

Arealet rundt pumpestasjonen på eigedomen 134/320.

3.1.6 Grav- og urnelund, GU

Felt GU inngår kun i planen som underliggjande formål til midlertidig bygge- og anleggsområde. Det er ikkje angitt utnyttelse, byggehøgde og byggegrense for dette område.

3.1.7 Naust, N

Felt N inngår kun i planen som underliggjande formål til føresegningsområde for automatisk freda kulturminne. Det er ikkje angitt utnyttelse, byggehøyde og byggegrense for dette område.

Der føresegningsområde overlappar med naustformålet gjeld framleis underliggjande reguleringsplan med føresegner.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner (§ 12-7)

- Vegar og køyreveggar skal opparbeidast i samsvar med breidde og kurvatur som vist på plankartet og etter godkjente tekniske planar. Mindre avvik mellom underformål kan tillatast innanfor hovudformålet.
- Avkøyrslar er vist på plankartet. Det er ikkje høve til å opparbeide andre avkøyrslar enn dei som er vist i plankart.
- Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eigedomane skal ha avkøyrslar frå er bindande. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gitt av vegstyresmakt.

3.2.2 Juridiske linjer (§§ 12-7 nr. 1 og 4)

- Støyskjerm langs o_KV15 skal førast opp som tett vegrekkverk med minst 0,8 meters høgde med plassering og utstrekning som vist i plankart. Om køyreveg blir justert, jf. pkt. 3.2.1 a, skal plassering av rekkverk tilpassast justert veg.
- Frisiktlinjer er vist i plankart. Om køyreveggar blir justert, jf. pkt. 3.2.1 a, skal frisiktlinjene tilpassast justerte vegar.

3.2.3 Køyreveg, KV

- Veg f_KV6 er felles tilkomst for eigedomane 137/14 og 137/150
- Veg f_KV9 er felles tilkomst for eigedomane 137/208, 137/214, 137/23, 137/213, 137/324, 137/286, 137/321, 137/360, 137/340, 137/320 og 137/268

- Veg f_KV12 er felles tilkomst for eigedomane 134/36,139, 134/171, 134/35,39, 134/11 og 134/245. Tilkomst er avgrensa til noverande bruk av eigedomane, ved framtidige utbyggingar skal tilkomstløysing vurderast på nytt.

3.2.4 Fortau, FO

Dette er eksisterande fortau og nye fortau langs køyreveggar og sykkelvegen med fortau.

3.2.5 Gangveg/gangareal, GG

Dette er eksisterande og nye gangveggar.

3.2.6 Sykkelanlegg, SA

Dette er sykkeldelen av den nye sykkelvegen med fortau langs fv. 565.

3.2.7 Annan veggrunn – tekniske anlegg, AVT

- Område merka o_AVT1-4 er trafikkøyer. Desse skal vere fysiske med kantstein rundt.
- Område merka o_AVT5-6 er areal der det skal byggjast fundament for bru. Bygging av fundamenta skal skje med så lite terrenginngrep som mogleg, og ein skal ikkje ha steinsprut eller avrenning frå støyping ut i Alversundet. Fundament og bru skal knytast saman med søyler/pilarar, ikkje ei samla skive.

3.2.8 Annan veggrunn – grøntareal, AVG

- Innanfor areal sett av til anna veggrunn - grøntareal kan det plasserast grøfter, skjeringar, fyllingar, landkar for bru, støttemurar, veglys, skilt, rekkverk og gjerder, støyskjermer og liknande. Plassering skal ivareta siktlinjer og andre tekniske krav.
- Mindre avvik i omfanget av «Annan veggrunn» kan skje som følgje av uføresette tilhøve. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegformål kan bli litt mindre enn det som går fram av formåls-grensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil bli nytta til tilstøytande formål.

3.2.9 Kollektivhaldeplass, KH

Dette er busshaldeplassar langs fv. 565.

3.2.10 Kombinerte formål for samferdselsanlegg

- I område merka o_SK1 skal det byggjast ei bru. I tillegg til ein to-felts køyreveg med breidde minimum 6 m skal det sør for køyrevegen vere ein sykkelveg med fortau med breidde 2,5 + 1,5 m. Køyrevegen og sykkelvegen skal vere skilt med rekkverk, det skal vere 7,5 m mellom rekkverka langs køyrevegen. Brua skal ha ei seglingshøgde på minimum 28 m. Plassering av brua skal vere slik at tilstøytande veganlegg kan byggjast innanfor grensene gitt av anna veggrunn, jf. pkt. 3.2.1.a. Det skal vere eit 1,2 m høgt rekkverk på utsida av fortauet, utforma slik at klatring er gjort vanskeleg.
- Område merka o_SK2 er køyrbar gang- og sykkelveg.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)

3.3.1 LNF-område (L)

Føremålet gjeld landbruks-, natur-, og friluftsområde med naudsynte tiltak for landbruk og gardsbasert

næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag, jf. pbl. § 11-7 nr. 5, a). For tiltak i LNFR-område sjå elles rettleiarane «Garden som ressurs» (2017) og «Jordmassar – Frå problem til ressurs» (2016).

- a. Ved plassering av nye landbruksbygg skal det takast omsyn til drifta på garden, vegetasjon og landskapsbilete, jf. pbl. § 11-11 nr. 1.
- b. I 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag er det tillate med bygningar, landbruksgjerde, leskur, landbruksveg, opplag for landbruk, fiske, havbruk/akvakultur og ferdsløse til sjøs eller andre tiltak som er nødvendige for aktiv drift. Unntaket gjeld der plasseringa er nødvendig av driftsomsyn og tiltaka ikkje kan plasserast utanfor 100 meters beltet jf. pbl. § 11-11 nr.4.
- c. Mottak av matjord for jordforbetring og ivaretaking av kvalitetane for fulldyrka og overflatedyrka jord skal handsamast etter forureiningsforskrifta kap. 4. Dette gjeld også for opplag av jord som er lagra med tanke på seinare og gradvis forbetring av jordbruksareala på den einskilde eigedom.
- d. Vesentlege terrengingrep er søknadspliktige etter plan- og bygningslova. I vurderinga av om
- e. terrengingrepet er vesentleg, må det gjerast vurdering ut i frå:
 - Omfang av arealet inngrepet vert gjort på. Tiltak over 5000 m² er vesentlege.
 - Omsyn til kva fordeler tiltaket vil gje for arrondering og framtidig landbruksdrift
 - Omsyn til om inngrepet vil kunne påføre eigedomen eller omgjevnadene skader / ulemper
 - Andre interesser for det aktuelle området som , avrenning, transport, strandsone, naturmangfald m.m.

3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.4.1 Fellesføresegner

Tiltak som bygging, graving og utfylling i sjø vil krevje godkjenning frå Bergen og omland farvannsforvaltning.

3.4.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, BSV

Små areal inn mot strandsona på kvar side av sundet.

3.4.3 Farlei, FA

Føremålet er farlei i sjø. Seglingshøgde i farleia er minimum 28 m. Permanente tiltak som kan vere til hinder for sjøtrafikk er ikkje tillate. For anleggsfasen, sjå pkt. 5.1.b.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Frisiktzone, H140

I området mellom frisiktlinja og køyrebanekant skal det vere fri sikt minst ned til 0,5 meter over nivået til dei tilgrensande vegane. Vegeigar kan krevje sikthindrande element fjerna.

4.1.2 Støysone, H210 og H220

- a. Det kan ikkje etablerast nye støykjenslege bygg innanfor støysone H210 (raud sone).

- b. Innanfor støysone H220 (gul sone) kan det ikkje tillatast etablering av nye støykjenslege bygg, eller bruksendring som gir nytt støykjensleg bruksformål, utan at dei tilrådde grenseverdiane i tabell 2 i T-1442/2021 vert tilfredsstilt.
- c. For eksisterande støykjenslege bustadbygg som får fasadestøy over grenseverdiane i tabell 2 i T-1442/2021 som følgje av planen skal det etablerast støytiltak jf. pkt. 2.2.1.

4.2 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø og kulturmiljø (§ 11-8 c)

4.2.1 Bevaring kulturmiljø, H570

- a. Område H570_1 er ei vidareføring av omsynssone vist i kommunedelplan og er knytt opp mot Indre Farlei. Sona omfattar område med kulturminne- og miljø av særskilt verdi, og som skal ivaretakast for framtida. Ved etablering av tiltak på eigedomar som ligg i omsynssona skal søknad sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.
- b. Kvalitetane i omsynssona for Den Indre Farleia skal sikrast. Ved utforming av bru og veganlegg skal ein ta omsyn til verdiane ved Den Indre Farleia. Ein må spesielt vurdere verknaden tiltaka gir i landskapsrommet, med små og store landskapsrom prega av landtunger og øyer, og verknaden opp mot Alversund mellomalderkyrkjestad. Tiltaka skal ha gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til funksjonen til tiltaket og omgjevnadene. Fagkompetanse på estetikk og kulturmiljø skal vere med i prosjekteringa av tiltaket. Ved søknad skal desse innehalde illustrasjonar/foto som i nødvendig grad skildrar den estetiske verdien til tiltaket, og visualiserer nærverknad og fjernverknad.

5 Føresegner til føresegnssområde (§12.7)

5.1 Føresegner til midlertidig bygge- og anleggsområde (område #1-#5)

Der anlegg- og riggområde overlappar føremål i eksisterande reguleringsplanar, gjeld framleis underliggende reguleringsplan med føresegner. På ikkje regulert areal skal kommuneplanens arealdel med føresegner leggast til grunn. Når anleggsperioden er over skal arealføremål i underliggende plan gjelde.

- a. Område merka #1-#5 er avsett til midlertidige bygge- og anleggsområde for bygging av veg og bru og kan nyttast som anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang. Innanfor desse områda kan det gjerast nødvendige terrengarbeid som for eksempel avdekking av lausmassar og mellomlagring av massar, utbetring av overvassgrøfter og utskifting/legging av overvass- og drensleidningar, midlertidige anleggsvegar og omkøyringsvegar, samt lagrast/oppstillast materiell og maskiner inkludert brakkerigg og parkering.
- b. Anleggsarbeidet, inkl. riving av gamal bru, skal leggast opp slik at skipstrafikken kan gå mest mogleg uhindra i område merka #x4. I fasar av bygge- og rivearbeidet, må ein pårekne at sundet må stengast for skipstrafikk. Omfang og vilkår for slike stengingar skal avklarast med Kystverket og Skys.
- c. For område som skal tilbakeførast til landbruksareal skal dyrkingskvaliteten vere dokumentert før dei kan takast i bruk.
- d. I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra og ikkje føre til fare for bebruarar, brukarar og omgjevnader i og ved planområdet. Inngrep skal avgrensast i størst mogleg grad.

- e. Areal til midlertidig bygge og anleggsområde er gyldig til 10 år etter vedtak av detaljreguleringsplanen. Ved ferdigstilling innan den tid skal det gjevast tilbakemelding til planmynde om at midlertidig bygge og anleggsområde kan fjernast frå plankartet.

5.2 Automatisk freda kulturminne (område #16-#19)

Automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 281670, ID 283870-0 og ID 283868-0, som er merka som område for føresegn #16-#19 i plankartet, er frigitt frå fredinga. Ordlyd og vilkår er gitt i felles føresegner pkt. 2.4.1 a.

5.3 Føresegner til vilkår for bruk (område #10-#15)

- a. Innanfor område merka #10 skal det byggjast ei tilrettelagd kryssing for mjuke trafikantar, med nedseinka kantstein og intensivbelysning.
- b. Innanfor område merka #11 kan det byggjast ein driftsbygning med grunnflate maks. 170 m². Bygningen skal ha ei maks byggehøgde på 11 m og ikkje overstige maks. kote 37. Takvinkelen skal vere min 30 grader. Bygget kan ha tilkomst både på grunnflata og frå felles tilkomstveg. Bygget skal avsluttast mot terreng med murar/terrengbearbeiding slik at det får ein naturleg plassering i landskapet.
- c. Område merka #15 er ein gamal jordkjellar. Det skal takast omsyn til denne, slik at den ikkje blir skada som følgje av anleggsarbeidet.
- d. Innanfor område merka #12 skal terrenget bli bearbeida til meir naturlege terrengformar etter at eksisterande bru er rive. Eksisterande veg skal fjernast, og området skal attendeførast til jordbruksareal med same kvalitet som nærliggande areal.
- e. Innanfor område merka #13 kan det bli tilrettelagd for etablering av enkel landbruksveg for kryssing under brua med traktor. Det skal vere min. 3,5 m fri høgde frå vegen opp til underkant bru.
- f. Innanfor område merka #14 skal terrenget bli bearbeida til meir naturlege terrengformar etter at eksisterande veg og bru er rive. Området skal revegeterast med vegetasjon som i tilgrensande område.

6 Rekkjefølgjeføresegner (§12.7 nr 10)

- a. Opparbeiding av annan veggrunn – grøntareal, skal vere ferdig seinast eitt år etter opning av tilhøyrande strekning av ny veg.
- b. Sykkelanlegg, gangveg og fortau skal ferdigstillast samtidig med tilhøyrande strekning av ny veg.
- c. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eitt år etter at det nye anlegget er tatt i bruk, skal midlertidige bygge- og anleggsområde vere sett i stand slik dei var før inngrepet, jf. pkt. 5.1.
- d. Lokale støytiltak jf. pkt. 2.2.1 skal vere utført seinast samtidig med at nytt veganlegg vert tatt i bruk, såframt grunneigar godtar etablering av støytiltaket på sin eigedom.
- e. Seinast ved anleggsstart skal det ligge føre ein plan for handtering av byggje- og anleggsstøy ved eventuelle overskridingar av grenseverdiane, i samsvar med retningslinje T-1442/2021 kapittel 6.2, jf. pkt. 2.2.1 b.
- f. Før anleggsstart skal det gjennomførast ei forundersøking av førekomst av hekkefugl på Kongsøyna.